



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Ein kvalitativ studie om kvitvaskingsaktørar i norsk næringsliv og kva modusar dei nyttar

A qualitative study on money launderers in Norwegian business and the methods they use

Ingeborg Stuberg og Kristine Bruheim

Økonomi og administrasjon BO6-2001
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap
Institutt for økonomi og administrasjon
Rettleiar: Mona Kristin Nytnun
12.05.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

Forord

Denne bacheloroppgåva er ein del av bachelorstudiet i Økonomi og Administrasjon ved Høgskulen på Vestlandet. Oppgåva utgjer 15 studiepoeng, og er skriven under vårsemesteret 2020. Oppgåva er skriven med spesialisering innan rekneskap, noko som har gitt ramma for problemstillinga.

Bakgrunn for val av tema og tilhøyrande problemstilling var eit ønske om å få ei djupare forståing for kvitvaskingssituasjonen i Noreg. Gjennom studietida har vi vore innom kvitvasking i ei rekke ulike emne, men har berre fått overordna kunnskap om temaet. For å vere betre rusta i arbeidet mot kvitvasking i framtidig arbeid ønska vi å tileigne oss meir djuptgåande kunnskap.

Takk til vår rettleiar Mona Kristin Nytun som har vore hjelpsam med gode tilbakemeldingar og innspel i skriveprosessen.

Sogndal, 12.05.2020

Samandrag

Oppgåva sitt hovudformål er å gjere identifisering av kvitvaskarar lettare for rekneskapsførarar og andre rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova.

Undersøkingismetoden som er nytta er kvalitativ dokumentundersøking der rettsavgjerder henta frå Lovdata Pro er analysert. Ut frå populasjon, som består av alle dømte for kvitvasking i norsk næringsliv etter 2010, har vi analysert 27 rettsavgjerder med totalt 36 domfelte. Vidare har vi utvikla statistikk for å svare på følgjande problemstilling:

Kven står bak kvitvasking i norsk næringsliv og kva modusar nyttar dei?

Funna våre samsvarar i stor grad med teori og forskning på området. Kvitvasking gjennomførast som oftast av ein mann i førtiåra, tilsett på toppleiingsnivå i aksjeselskap. Kvitvaskinga utførast oftast i fylker med store byar, som Oslo, Rogaland og Trøndelag. Modusane som vert mest nytta er fiktiv fakturering, bankoverføringar og å stille bankkontoar til disposisjon for overføring av kriminelt utbytte. Næringa som er mest utsett for kvitvasking er bygg- og anleggsbransjen.

Abstract

The main purpose of this paper is to make identification of money launderers easier for accountants and other reporting officers under the Norwegian money laundering law. Our research method has been a qualitative document analysis where we have used court decisions from Lovdata Pro. From the population, which consist of all those that have been convicted for money laundering in Norwegian business after 2010, we have analyzed 27 court decisions with a total of 36 convicts. Furthermore, we have developed statistics to answer the following research problem:

Who performs money laundering in Norwegian business, and what methods are used?

Our findings largely correspond to theory and research in the field. Money laundering is commonly carried out by a man in his forties who is appointed at a top management level in a limited company. Usually, it's carried out in counties with large cities, such as Oslo, Rogaland and Trøndelag. The most used methods are fictitious invoicing, bank transfers and allowing proceeds from crime through one's bank account. According to our findings, the construction industry is the most vulnerable to money laundering.

Innholdsliste

Forord	II
Samandrag	III
Abstract	IV
Tabell- og figuroversikt	VI
1 Innleiing.....	1
1.1 Bakgrunn for oppgåva	1
1.2 Problemstilling.....	2
1.3 Avgrensingar for oppgåva	2
2 Kvitvasking.....	3
2.1 Om rekneskapen	3
2.2 Rettleiing til kvitvaskingslova	4
2.3 Definisjon	5
2.3.1 Kvitsnippkriminalitet.....	5
2.4 Fasar i ein kvitvaskingsprosess.....	6
2.5 Internasjonale tiltak	6
2.6 Kjenneteikn ved kvitvaskaren.....	7
2.6.1 Stilling	8
2.6.2 Kvinner og økonomisk kriminalitet	8
2.6.3 Kvar kvitvasking vert gjort i Noreg	10
2.7 Kvitvaskingsmodusar	10
2.7.1 Utsette bransjar	10
2.7.2 Kvitvaskingsaktørar og deira modusar	12
3 Metode.....	15
3.1 Val av metode.....	15
3.2 Utval	16
3.3 Ethiske omsyn	17
3.4 Svakheiter ved metodevalet.....	17
3.5 Kvaliteten på undersøkinga	18
3.5.1 Validitet	18
3.5.2 Reliabilitet	19
4 Empiri.....	20
4.1 Analysemetode	20
4.2 Vurderingsfaktorar.....	20
4.3 Kategorisering	21
5 Presentasjon av funn.....	23

5.1 Kjenneteikn ved kvitvaskaren.....	23
5.2 Kvitvaskingsmodusar	27
5.3 Funn ved bivariat analyse	28
6 Diskusjon.....	29
6.1 Kjenneteikn ved kvitvaskaren.....	29
6.1.1 Kjønn	29
6.1.2 Alder	29
6.1.3 Stad	30
6.1.4 Stillingsnivå	31
6.1.5 Næring	31
6.2 Kvitvaskingsmodus	32
6.3 Samanhengen mellom kjønn og omfang.....	34
7 Oppsummering og konklusjon.....	35
Bibliografi	37

Tabell- og figuroversikt

Tabell 1: Datainnhenting frå rettsavgjerder	21
Tabell 2: Kategorisering av data til analyse.....	22
Tabell 3: Bivariat analyse omfang og kjønn	28
Figur 1: Kjenneteikn - kjønn	23
Figur 2: Kjenneteikn - alder	24
Figur 3: Kjenneteikn - stillingsnivå	25
Figur 4: Kjenneteikn - selskapsform.....	25
Figur 5: Kjenneteikn - omfang.....	26
Figur 6: Kjenneteikn - næringsform.....	27
Figur 7: Kvitvaskingsmodusar	27
Figur 8: Personar straffa for anna vinningslovbrot, etter bustad, år 2010-2018, frå SSB (2019).....	30
Figur 9: Personar straffa for kvitvasking, etter stad, år 2010-2018, frå funna.....	30

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for oppgåva

Tema for bacheloroppgåva vår er kvitvasking. 15. oktober 2018 kom det ny kvitvaskingslov (Hvitvaskingsloven, 2018), noko som retta vår merksemd mot kvitvasking og undersøking- og rapporteringsplikta som kjem fram i lova. Rekneskapsførar er ein av dei som har denne plikta, og ansvaret som føl av denne gjer at vi ser på kvitvasking som eit relevant og aktuelt tema. I tillegg er kvitvasking eit samfunnsproblem fordi det reduserer skatteinntektene, samtidig som det stimulerer til auka kriminell aktivitet og gjer det vanskelegare å oppdage andre ulovlege handlingar (Kristoffersen, 2017, s. 431).

I januar 2020 byrja ein serie kalla “Heksejakt”. Denne serien gjekk parallelt med byrjinga av oppgåveskrivinga. I serien hamnar ein faktura frå eit ukjent nederlandsk selskap på pulten til Ida, økonomidirektøren i eitt av dei leiande advokatselskapa i landet. Ida ser at fakturaen manglar grunnlag, og finn ut at den er ein del av ein kvitvaskingsoperasjon på vegne av ein klient av advokatselskapet. Vidare varslar Ida til styret, men dei møter ho med trakassering og bebreidingar. Ida går til Økokrim kor etterforskarer finn ut at kvitvaskinga var dekning for korrupsjon (IMDB, 2020). Om kvitvaskinga ikkje hadde blitt oppdaga, ville nok ikkje korrupsjonen blitt oppdaga heller. Dette er eit eksempel på at kvitvasking gjer det vanskelegare å oppdage andre ulovlege handlingar. I denne serien var kvitvaskaren ein mann med maktposisjon som nytta fiktiv fakturering som kvitvaskingsmodus.

Oppgåva si hensikt er å gi dei rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova kjenneteikna på kven kvitvaskaren er og kva modusar for kvitvasking dei brukar. Dette er for at dei rapporteringspliktige enklare skal kunne identifisere kvitvaskarar og melde inn mistenksame forhold til Økokrim. Rekneskapsførarar vil kunne ha betre føresetnadar for å identifisere kvitvaskarar og avdekke misleghald, då dei gjerne har god kjennskap til kundane sine. Dei må kjenne kundane sine for å yte god service og skape eit langvarig tillitsforhold for å bli den føretrekte diskusjonspartnaren (Regnskap Norge, 2018).

1.2 Problemstilling

Problemstillinga for bacheloroppgåva er:

Kven står bak kvitvasking i norsk næringsliv og kva modusar nyttar dei?

Ut frå denne problemstillinga er det to spørsmål vi ønsker svar på:

Kva kjenneteiknar kvitvaskaren i norsk næringsliv?

Kva modusar for kvitvasking vert nytta i norsk næringsliv?

1.3 Avgrensingar for oppgåva

I denne oppgåva vil vi sjå på referat frå rettsavgjerder henta frå Lovdata Pro. Sidan vi berre bruker denne kjelda for datainnsamling, vil vi berre kunne seie noko om kven som har blitt dømt for kvitvasking, og får naturleg nok ikkje inkludert dei som gjennomfører kvitvasking utan å bli oppdaga. Deira kjenneteikn og modus er ukjende for oss.

Vi har også gjort avgrensingar når det kjem til tidsperioden vi undersøker, og har avgrensa utvalet til rettsavgjerder frå og med år 2010. Bakgrunnen for avgrensinga er at oppgåva skal bli meir dagsaktuell. I tillegg ser vi berre på kvitvasking gjort i næring, då det er denne type kvitvasking rekneskapsførarar har best moglegheit til å avdekke.

2 Kvitvasking

2.1 Om rekneskapen

Føremålet med eit rekneskap er å samle inn, måle og rapportere økonomisk informasjon frå ei økonomisk verksemd til brukarane. Dette kan vere til interne brukarar i selskapet som leiging eller eigarar, eller til eksterne aktørar som kundar og det offentlege. Som informasjonssystem er det sentralt at rekneskapen inneheld avgjerdsnyttig informasjon. Kjenneteikn ved avgjerdsnyttig informasjon er at den skal vere relevant, påliteleg, fullstendig, aktuell, forståeleg, verifiserbar og tilgjengeleg (Kristoffersen, 2017, s. 17-18). Rekneskapsføraren har ei viktig rolle for å produsere denne informasjonen. Om rekneskapsføraren skulle føre fiktive faktura eller på annan måte vere eit ledd i ein kvitvaskingsprosess for kunden, vil ikkje rekneskapen gje avgjerdsnyttig informasjon. For eksempel kan ein rekneskapsfører få ein faktura frå eit fiktivt konsultentselskap. Bilaget viser då falsk informasjon og har gjerne fleire manglar. Då er ikkje informasjonen verken fullstendig, påliteleg, aktuell eller relevant. Om informasjonen som vert gitt er ledd i kriminelle handlingar, vil informasjonen kunne gje feil grunnlag for avgjerder.

For at ein i næring skal kunne føre rekneskap for andre må ein ha autorisasjon frå Finanstilsynet. Ein skal då nytte tittelen Autorisert rekneskapsfører eller Autorisert rekneskapsførarselskap (Regnskapsførerloven, 1993, §1). Autorisasjonen utløyser ei rekke plikter. Ein skal utføre rekneskapsoppdrag i samsvar med aktuelle lover samt i samsvar med God regnskapsføringsskikk (Regnskapsførerloven, 1993, §2(2)). God regnskapsføringsskikk (GRFS) er ein rettsleg standard utarbeida av Regnskap Norge, Økonomiforbundet og Den Norske Revisorforening. Målet er at standarden skal bidra til auka kvalitet på rekneskapstenester og gi gode rekneskapsprodukt (Regnskap Norge, 2017, kap. 1.1.3).

Som autorisert rekneskapsfører eller autorisert rekneskapsførarselskap er ein etter kvitvaskingslova definert som rapporteringspliktig (Hvitvaskingsloven, 2018, §4(2) bokstav b). Dei mest sentrale verksemdene som kan misbrukast til kvitvaskingsføremål er utvalt som rapporteringspliktige. Rekneskapsførarar driv slik verksemd (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014, s. 22). Andre rapporteringspliktige verksemdar er blant anna revisorar, bankar, advokatar og eigedomsmeklarar (Hvitvaskingsloven, 2018, §4(1)(2)). Å vere rapporteringspliktig inneber at ein har plikt til å gjennomføre nærare undersøking dersom

ein avdekker forhold som vekker mistanke om kvitvasking. Mellom anna gjeld dette dersom det vert gjort transaksjonar til eller frå land som ikkje har tilfredsstillande tiltak mot kvitvasking. Det gjeld også om transaksjonar er uvanlege eller ikkje har legitimt føremål (Hvitvaskingsloven, 2018, §25 (1)(2)).

Om undersøkinga ikkje avkreftar mistanken skal den rapporteringspliktige melde frå om dette til Økokrim i ein MT-rapport (Hvitvaskingsloven, 2018, §26(1)). Ein MT-rapport er ei innsending av opplysingar til Økokrim kring ein mistanke om kvitvasking eller terrorfinansiering (Økokrim, 2019b). Som spissorgan i Politiet arbeidar Økokrim med å kjempe mot økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet (Økokrim, 2019a). Ei innsending av MT-rapport til Økokrim er ikkje ei politimelding, men eit viktig ledd i avdekking av kriminelle forhold (Økokrim, 2019b). Rapporteringsplikta gjeld òg personleg for styret, leiing og andre tilsette i den rapporteringspliktige verksemda (Hvitvaskingsloven, 2018, §26(2)).

2.2 Rettleiing til kvitvaskingslova

15. Oktober 2018 kom ny kvitvaskingslov, noko dei rapporteringspliktige har måtte retta seg etter. Mellom anna har krava kring kundetiltak og risikovurdering auka, samt at leiing og styret i rapporteringspliktige verksemder har fått auka ansvar (Finans Norge, 2018b). I samband med den nye kvitvaskingslova har Finanstilsynet utarbeidd ei rettleiing som rekneskapsfører og rekneskapsføretak skal rette seg etter. Denne rettleiinga inneber tiltak både på føretaksnivå og på oppdragsnivå. Ein del av tiltaka kjenner ein att frå krava i den gamle kvitvaskingslova, men krava er no meir spesifiserte.

På føretaksnivå skal det skje risikovurdering, etablering av interne rutinar, opplæring i rekneskapsføretaket og utpeikast kvitvaskingsansvarleg. Ein må ha kjennskap til eige føretak, sårbarheiter ved det, og gjere seg kjend med kva typar kundar føretaket har, slik at ein veit kva kundar ein må ha ekstra merksemd mot (Finanstilsynet, 2019, s. 6-7).

På oppdragsnivå skal det gjennomførast risikoklassifisering av den aktuelle kunden, og det skal gjennomførast innleiande kundetiltak og kontinuerleg oppfølging (Finanstilsynet, 2019, s. 4). Risikoklassifiseringa går ut på å skape seg ei oppfatning av korleis ein kan forvente at kunden handlar. Dette er for å enklare oppdage avvik i forventa åtferd knytt til kvitvasking (Finanstilsynet, 2019, s. 16). Kundetiltaka skal gje rekneskapsfører kjennskap til kundane

sine, og kan kallast "kjenn-din-kunde"-prinsippet. Dette prinsippet er eitt av dei viktigaste tiltaka i arbeidet med å førebygge og avdekke kvitvasking (Finans Norge, 2018a).

2.3 Definisjon

Kvitvasking er ei form for økonomisk kriminalitet. Økonomisk kriminalitet vert av Økokrim definert som profittmotiverte, lovstridige handlingar som vert gjort i økonomisk verksemd som er lovleg eller ønsker og stå fram som lovleg. Denne typen kriminalitet kjenneteiknast ved at den rammar samfunnsinteresser generelt, framfor enkeltindivid. Det kan derfor vere manglande motiv for enkeltpersonar å melde slik type kriminalitet og dermed vert den også utfordrande å avdekke (Økokrim, 2017a).

Kvitvasking av pengar kan definerast som ei kvar handling som fører til å skjule opphavet til økonomiske midlar som stammar frå anna kriminell aktivitet (Kristoffersen, 2017, s. 431).

Kvitvaskinga får ein enten andre til å gjennomføre for seg, eller ein gjer det sjølv for å sikre utbyttet av eigen straffbar handling, også kalla sjølvvasking (Økokrim, 2017b). Om denne handlinga blir vellykka, gir den legitimitet til inntekter som kriminelle har kontroll over.

Kvitvasking av pengar kan vere ein lite kompleks prosess gjennomført på lokalt eller nasjonalt nivå, men kan òg vere ein svært sofistisert prosess som utnyttar internasjonale finansielle system og mange økonomiske formidlarar. Kvitvasking av pengar skjer på to vilkår: Gjerningsmannen må unngå å vere koplå til lovbroten som førte til kriminelt utbytte, og ein må kunne bruke inntektene som om dei hadde lovleg opphav (Money laundering, 2019).

2.3.1 Kvitsnippkriminalitet

Edwin T. Sutherland var den fyrste som introduserte omgrepet kvitsnippkriminalitet.

Ifølgje Sutherland er kvitsnippkriminalitet ei kriminell handling utført av ein respektert person med høg sosial status, som utfører den kriminelle handlinga i samband med yrket sitt (Sutherland, referert i Benson & Simpson, 2009, s. 5). Kvitsnippskriminalitet vert då definert gjennom lovbyrtaren, men det kan òg definerast gjennom den kriminelle

handlinga. Definerer ein kvitsnippskriminalitet gjennom den kriminelle handlinga, handlar det om å gjere økonomisk kriminalitet mot andre sin eige dom for eigen eller organisatorisk gevinst. Gjerningspersonen treng då ikkje ha høg sosial status (Gottschalk, 2012, s. 12). Ein kombinasjon av desse definisjonane gjev oss ein definisjon av kvitsnippkriminalitet der målet med den kriminelle handlinga er personleg eller organisatorisk gevinst. Det er handlingar som påfører andre tap, der tillitsbrot og misbruk av makt står sentralt. Den kvitsnippkriminelle har

høgare utdanning, ei leiane stilling i lovleg verksemd og er ein person som andre har respekt for (Gottschalk, 2012, s. 12-13).

2.4 Fasar i ein kvitvaskingsprosess

Ein kvitvaskingsprosess består av tre fasar: plassering, tildekking og integrering. Dette er ikkje tre isolerte fasar, men ein prosess der fasane overlappar kvarandre og heng tett saman (Aleksoski, 2015, s. 47).

I plasseringsfasen er målet å fjerne spor mellom midlane og den kriminelle aktiviteten. Pengane vert introdusert på den legale marknaden gjennom ei rekke ulike modusar. Dette kan til dømes gjerast gjennom kjøp av varer og tenester eller ved å setje pengar inn på bankkonto, helst ved å dele opp beløpet i mindre delar og investere dei i ulike bankar eller selskap. Det er i plasseringsfasen at moglegheita for å avdekke kvitvaskinga er størst. Dei mest sårbare punkta i fasen er kjend for å vere når pengar fyrste gong skal introduserast i eit finansielt system, overføringar i eller mellom finansielle system, samt når pengar skal overførast til andre land (Aleksoski, 2015, s. 46-47).

I tildekkingsfasen ønsker ein å dekke over alle former for dokumentasjon på at plasseringsfasen har funne stad. Falske transaksjonar og fiktiv dokumentasjon vert nytta for å legitimere det ulovlege utbyttet. Det er òg vanleg å investere utbyttet i aksjar eller andelar i selskap (Aleksoski, 2015, s. 46).

Om ein lukkast med plassering og tildekking har ein integrert det ulovlege utbyttet på den legale marknaden og entra tredje og siste fase i kvitvaskingsprosessen, integrering. Pengane returnerast til eigaren som fritt kan nytte desse på den legale marknaden (Aleksoski, 2015, s. 47).

2.5 Internasjonale tiltak

Kvitvasking av pengar er eit internasjonalt problem. I dei fleste land er det nasjonale lover og reglar som forbyr og straffar alle former for organisert kriminalitet som tek sikte på å oppnå ulovleg materiell fordel. Det har blitt oppretta internasjonale konvensjonar som omhandlar kvitvasking. I tillegg finnes det andre organ som kjempar mot kvitvasking internasjonalt.

I 1988 i Wien og 2000 i Palermo kom FN med internasjonale konvensjonar som har vore med på å definere kva kvitvasking er, ulovleggjere det og styrke internasjonalt samarbeid mot

kvitvasking. Europarådet kom med ein konvensjon mot kvitvasking i 1990, kalla Strasbourg-konvensjonen. Samanlikna med FN sin konvensjon frå 1988 førte denne konvensjonen til strengare reglar for dei signerte statane. Eit av måla i Strasbourg-konvensjonen var å gjere internasjonalt samarbeid og inndraging av inntekt frå alle typar kriminalitet lettare (Aleksoski, 2015, s. 48-50).

Utanom dei internasjonale konvensjonane finst det internasjonale organ som kjempar mot kvitvasking. Financial Action Task Force (FATF) er ikkje eit organ med lovregulerande konvensjonar, men basert på internasjonalt samarbeid utviklar og følgjer dei strategiar for å kjempe mot kvitvasking. Dei har sjølv utvikla førti anbefalingar for motarbeiding av kvitvasking (Aleksoski, 2015, s. 50). EU har òg utarbeidd direktiv for anti-kvitvasking. Det første direktivet kom i 1990 og det femte kom i 2018 (European Commission, u.å.). EU sine direktiv har ei bindande målsetjing som dei ulike landa må oppfylle, men korleis direktivet skal implementerast i nasjonal rett er opp til kvart enkelt land å avgjere (Utenriksdepartementet, 2017).

2.6 Kjenneteikn ved kvitvaskaren

KPMG har gjennomført ei undersøking om kven den økonomiske kriminelle er. Undersøkinga deira baserer seg på spørjeskjema sendt til kriminaltekniske fagpersonar verda over. Undersøkinga blei gjennomført mellom mars 2013 og august 2015. Funna deira baserer seg på ei analyse av 750 svindlarar i 81 land (KPMG, 2016, s. 26).

Undersøkinga til KPMG har resultert i ein del fellestrekk for dei som utfører økonomisk kriminalitet. Alderen til svindlarane er kategorisert i fem grupper. 1% er i aldersgruppe 18-25 år, 14% i aldersgruppe 26-35 år, 37% i aldersgruppe 36-45 år, 31% i aldersgruppe 46-55 år og 8% i aldersgruppe over 55år. Ut frå desse tala ser vi at 68% av svindlarane er mellom 36 og 55 år. Det er hovudsakeleg menn som utfører økonomisk kriminalitet. I undersøkinga var 79% av svindlarane menn, medan del kvinner var 17% . 65% var tilsett i verksemd, 38% tilsett i over seks år, og 35% av svindlarane var tilsett på toppleiingsnivå. I 62% av tilfella handla svindlaren i samarbeid med andre.

Motiv for den kriminelle handlinga var i 66% av tilfella personleg vinning og grådighet, og i 27% av tilfella var handlinga motivert av at ein hadde moglegheit. Til slutt er den kriminelle

skildra som autokratisk, triveleg, omgjengeleg, sjølvsiikker, og ser på seg sjølv som høgt respektert (KPMG, 2016, s. 7-12).

2.6.1 Stilling

KPMG sine funn viser at 35% av svindlarane er tilsett på toppleiingsnivå, men for ein toppleiar ligg motivasjonen bak gjennomføring av misleghald og økonomisk kriminalitet sjeldan i eit grunnleggjande ønske om å utføre kriminelle handlingar. Misleghaldet og utnytting av stillingsnivået kjem ofte som følge av ein situasjon som har oppstått. Det kan skuldast manglande økonomiske midlar og eit press rundt det å oppretthalda ein spesiell livsstil og status. Vidare kan for eksempel speleavhengigheit eller eit spesielt kjærleiksforhold skape eit behov for å betra sin eigen økonomiske situasjon. Dersom verksemda har påskjønningssystem for gode resultat og prestasjonar kan dette også føre til eit auka press som utløyser ein motivasjon for å jukse, slik at resultatmåla står fram som oppfylte. Situasjonen som har skapt motivasjon for å gjennomføre eit mishald kan vidare gjere til at etiske grenser vert flytta. Ein overtyder seg sjølv om at handlinga er rettferdig (Olsen, B. A., 2008, s. 54-55).

2.6.2 Kvinner og økonomisk kriminalitet

På verdsbasis vert Noreg rangert som det nest mest likestilte landet i verda (World Economic Forum, 2019, s.6). Om lag 50% av befolkninga i landet er kvinner, men av dømte kvitsnippforbrytarar er det mindre enn 1 av 10 som er kvinner. Dette har Petter Gottschalk (2012&2019) funne i si forskning både frå undersøking i 2012 og i sin 5-trinnsmodell frå 2019.

Statistikk

Gottschalk gjennomførte ei statistisk analyse av 287 dømte kvitsnippforbrytarar over ein periode på tre år, frå 2009 til 2012. I denne undersøkinga kom han fram til at tal kvinner dømt for kvitsnippkriminalitet er 8,7%. I analysen kom det òg fram statistiske forskjellar på menn og kvinner. Menn var i snitt to år eldre enn kvinnene som blei dømt for kvitsnippkriminalitet, kvinner fekk eitt halvt år mindre fengsel enn menn, og det økonomiske omfanget av den kriminelle handlinga var i snitt kr 48 millionar lågare hos kvinner (Gottschalk, 2012, s. 134).

Årsaker til kjønnsforskjellar i økonomisk kriminalitet

I 5-trinnsmodellen forklarer Gottschalk årsaka til at det er få kvinner fengsla for kvitsnippkriminalitet i forhold til menn. I modellen konkluderer han med at del kvinner dømt for kvitvasking er 9%, og at del kvinner som er straffa med fengsel for kvitsnippkriminalitet er 6%. Gjennom dei fem trinna i modellen forklarer han årsakene til dette.

Trinn 1 går ut på at kvinner har mindre materialistiske behov og dermed mindre ønske om økonomisk vekst enn menn. Vidare i trinn 2 ser ein på kor stor del kvinner som faktisk utfører økonomisk kriminalitet. Dette er basert på at kvinner ikkje er representert i utsette bransjar, fordi kvinner er meir redd for konsekvensane av å utføre ei kriminell handling og fordi kvinner slit meir med å rettferdiggjere den kriminelle handlinga. I trinn 3 har Gottschalk estimert at kvinner har mindre sjanse for å bli oppdaga enn menn. Dette er grunngeve med at kvinner ofte snakkar meir om etikk og moral, og at ein derfor generelt sett er mindre mistenksame ovanfor kvinner enn menn. Modellen bygger i trinn 4 på ei meining om at kvinner har større sjanse for å bli dømt samanlikna med menn. Gottschalk meiner at dette mellom anna kan kome av at kvinner har ei større skuld kjensle enn menn og derfor tilstår oftare. I 5. og siste trinn konkluderast det med at 6% av alle som sit fengsla for kvitsnippkriminalitet er kvinner, medan 94% er menn. Det er likevel 9% kvinner som vert dømt for kvitvasking. Årsaker til at 9% av dei dømte er kvinner, men berre 6% vert fengsla, kan setjast i samanheng med at kvinner får kortare eller alternativ straff (Gottschalk, 2019, s.721-723). Dette er ein forklaringsmodell frå Gottschalk, men han nemner også at det kan ligge føre biologiske og sosiale forklaringar på at del kvinner dømt for kvitvasking er lågare enn menn.

Ein biologisk forskjell mellom menn og kvinner er produksjonen av hormon. Kvinner produserer mest østrogen, medan menn produserer mest testosteron. Eit høgt nivå av testosteron kan føre til auka konkurranseinstinkt, aggressivitet og risikovilje. Mengda testosteron reduserast jo eldre menn blir, og i analysen viser det seg at gjennomsnittsalderen for dømte menn er nesten 50 år (Gottschalk, 2012, s. 172). Testosteronnivået er likevel høgare hjå eldre menn enn hjå kvinner, og ein kan derfor ikkje utelukka det som ei mogleg forklaring.

Når det kjem til det sosiale aspektet, har menn i større grad blitt lært opp til å bruke vald og knyte maskulinitet til pengar. Av den grunn er det sannsynleg at dei vert meir engasjert på området som kan føre til kriminelle handlingar. Om kvinnelege trekk hadde blitt knytt til

same type faktorar, hadde det nok vore meir kriminalitet hos kvinner også. Sjølv om Noreg er det nest mest likestilte landet i verda, betyr ikkje det at kvinner og menn blir meir og meir like over tid. Menn endrar personlegdom i takt med eit land si økonomiske og sosiale utvikling, medan kvinner si personlegdom avheng meir av evna til å bry seg om andre, samvit og openheit, uavhengig av landet si utvikling (Gottschalk, 2012, s. 175-176).

2.6.3 Kvar kvitvasking vert gjort i Noreg

Frå SSB har vi henta ut statistikk som viser tal dømte for anna vinningslovbrot per fylke i perioden 2010-2018. Fylkesinndelinga er ikkje oppdatert med dei nye fylka som kom i 2020. I anna vinningskriminalitet inngår heleri og kvitvasking, bedrageri, underslag, skatt og avgift og brot på tollova (Statistisk sentralbyrå, 2015). Vi har utelukka Svalbard i statistikken, men det kan nemnast at det berre har vore eitt tilfelle av anna vinningskriminalitet på Svalbard i perioden 2010 til 2018. Av statistikken kjem det fram at Oslo er det fylket med flest tilfelle av vinningskriminalitet i perioden med totalt 16 930 straffa personar. Dette utgjør 12% av dei totalt 146 515 personane som er registrert. Vidare på lista finn ein Rogaland, Akershus og Trøndelag rangert frå fylka med flest straffa. Fylket med færrest straffa er Sogn og Fjordane der 1 974 er straffa for anna vinningskriminalitet i perioden (Statistisk sentralbyrå, 2019).

2.7 Kvitvaskingsmodusar

2.7.1 Utsette bransjar

I 2014 vart den fyrste nasjonale risikovurderinga for kvitvasking og terrorfinansiering publisert av Justis- og beredskapsdepartementet. Dette er den fyrste risikorapporten kring kvitvasking som er utarbeidd i samsvar med anbefalingar frå FATF (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014, s.5). Rapporten frå 2014 avdekka mellom anna at bygg- og anleggsbransjen i 2010 utgjorde 70% av dei innrapporterte MT-rapportane. I denne bransjen er bruk av fiktive faktura ein mykje brukt kvitvaskingsmodus, som ofte heng saman med store mengder kontantuttak. Kombinasjonen av fiktiv fakturering og kontantuttak er relativt enkel å avdekke. Dette kan vere forklaringa på at ein så stor del av MT-rapportane omhandlar nettopp denne bransjen (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014, s.36-37). Vidare tek rapporten frå 2014 opp at restaurantbransjen og varehandel òg er attraktive for kvitvaskaren. Dette er også bransjar der det gjerne er mykje kontantar i omløp. Her kan ulovleg utbytte lett stå fram som legitime inntekter, og det krevjast god innsikt i føretaket for å avdekke kvitvaskinga. Derfor er det lite rapportering frå bankar i slike tilfelle. Rapporten presiserer at revisor og

rekneskapsfører har betre kjennskap til føretaket og at dei derfor også har større moglegheit for å avdekke falske inntekter. Det er likevel liten grad av rapportering også frå desse rapporteringspliktige (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014, s. 37). Bransjar der det vert handla med dyre gjenstandar vert òg trekt fram. Dyre produkt vil vere attraktive for kriminelle då ein kan knyte opp store mengder kapital, samt at det ofte ber med seg auka status å vere innehavar av dyre gjenstandar. Eksempel på slike typar verksemder kan vere kunst- og antikkvarehandel, urmakar og bilforhandlarar (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014, s. 37).

I rapporten frå 2016 kjem det fram at petroleumsnæringa i 2015 utgjorde 15% av BNP i Noreg. Sektoren er prega av nokre få store aktørar og må følgje strenge krav og reglar. Næringa er likevel svært korrupsjonsutsett fordi den er internasjonal, etablert i høgrisikoområder som Midtausten og Afrika og inneber handel med store verdiar (Justis- og beredskapsdepartementet, 2016, s. 22). Vidare er fiskeri og eksport av fisk på 72 milliardar norske kroner i 2015 den nest største eksportnæringa i landet. Risikoen for økonomisk kriminalitet er stor også i denne næringa. Dette er mellom anna fordi det tradisjonelt sett har vore låg risiko for å bli oppdaga, og fordi næringa ofte er ein del av små lokalsamfunn der det er tette band. Store delar av eksporten skjer også til korrupsjonsutsette land, noko som aukar risikoen for kvitvasking (Justis- og beredskapsdepartementet, 2016, s. 23). Tenesteytande næring der krava til kompetanse er låge pregar òg den norske økonomien. Dette, kombinert med prispress i næringa, aukar risikoen for bruk av underbetalt arbeidskraft (Justis- og beredskapsdepartementet, 2016, s. 22). Bruk av svart arbeid og underbetaling vil også kunne føre med seg eit auka behov for å kvitvaske pengar.

I rapporten frå 2018 er det i tillegg til tidlegare nemnde risikoområder sett fokus på vekslingsstenester for virtuelle valuta. Virtuell valuta er i følgje den europeiske sentralbank ein digital verdi, og kan i nokre tilfelle nyttast som alternativ til pengar. Virtuelle valuta er valuta som ikkje er utferda av sentralbank, kredittinstitusjon eller e-pengeinstitusjon (Justis- og beredskapsdepartementet, 2018, s. 68). Fordi tenestene kan nyttast anonyme, er det vanskeleg å avsløre økonomisk kriminalitet som vert gjort gjennom dei. Rapporten tek utgangspunkt i at vekslingsstenester for virtuell valuta ikkje er rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova (Justis- og beredskapsdepartementet, 2018, s.13). I den nye kvitvaskingslova med forskrift er det derimot lagt til at også tilbydarar av vekslingsstenester for virtuell valuta må følgje pliktene som kvitvaskingslova utløyser. Dette inneber mellom anna registrering hjå Finanstilsynet og

identifisering av kundar (Finanstilsynet, 2018). Tiltak mot anonym bruk av virtuelle valuta er i samsvar med EU sit femte kvitvaskingsdirektiv (European Commission, u.å.).

Sjølv om bruken av kontantar har gått ned i 2018 er det ei overvekt av kontanttransaksjonar i dei innrapporterte MT-rapportane. Bygg- og anleggsbransjen er framleis godt representert, samt at personar med utanlandsk statsborgarskap òg har vore innrapportert ofte. Det treng ikkje bety at kontanttransaksjonar, byggebransjen og utlendingar er dei som oftast er involvert i kvitvasking. Forklaringa kan vere at dei rapporteringspliktige er ekstra merksame på desse faktorane og dermed rettar mindre fokus mot andre bransjar og transaksjonar (Justis- og beredskapsdepartementet, 2018, s.34).

2.7.2 Kvitvaskingsaktørar og deira modusar

Som ein ser av dei nasjonale risikovurderingane kan kvitvaskingsmodus som vert nytta ofte henge tett saman med kva bransje kvitvaskinga vert gjort gjennom. Samstundes kan mange av kvitvaskingsmodusane nyttast uavhengig av bransjen ein er knytt til. Vi vil her kome innom sju ulike aktørar som presenterer aktuelle kvitvaskingsmodusar.

Hushaldningsvaskaren er ein lovbrytar som driv sjølvvask. Han gjer det aleine fordi han gjerne ikkje stolar på andre. Oftast er det snakk om mindre pengebeløp.

Hushaldningsvaskaren kan til dømes kjøpe dyre antikvitatar med pengar frå det ulovlege utbyttet, og selje desse vidare. Innbetalinga ein mottek for sal av antikviteten står då fram som legal inntekt. Bustadkjøp og oppgradering av bustad er ein anna form for kvitvasking som hushaldningsvaskaren gjer (Gottschalk, 2012, s.254-255 ; Høgberg & Stridbeck, 2008, s. 45-46).

Slektningen er neste aktør. Den kriminelle nyttar seg av kjende, gjerne familie eller andre ein stolar på, som stråmenn. Ein kan trenge hjelp av lovlydig person for å opprette bankkonto, veksle valuta, eller for oppbevaring og uttak av kontantar. Stråmannen kan også stille opp som styremedlem i den kriminelle sitt firma (Høgberg & Stridbeck, 2008, s. 46-47).

Kurieren som aktør bidreg til å frakte pengar til andre land og får dei plassert i andre land sitt banksystem. Dette kan skje gjennom elektroniske overføringar eller gjennom fysisk smugling av kontantar. Kurieren kan òg nyttast for å transportere større gjenstandar som bilar ut av landet (Gottschalk, 2012, s.254-255 ; Høgberg & Stridbeck, 2008, s. 47-48).

Neste aktør er smurfen. For å skjule det ulovlege utbyttet betre splittar ein det gjerne opp i mindre delar. Smurfing kan gå føre seg ved å fordele pengane på ei rekke ulike bankkontoar eller føreta mange transaksjonar som gjerne involverer ulike finansinstitusjonar i prosessen. Ved å skape eit nett av transaksjonar mellom reelle og fiktive selskap i ulike land oppnår den kriminelle målet sitt, å skjule koplinga mellom primærlovbrotet og utbyttet (Gottschalk, 2012, s.254-255 ; Høgberg & Stridbeck, 2008, s. 49-50).

Entreprenøren er aktørar som driv lovleg verksemd. Det ulovlege utbyttet vert skjult ved å nytte ulike former for falsk og uriktig dokumentasjon. Falske transaksjonar vert til dømes legitimert som sal av varer og tenester i ein restaurant. Verksemdar der det vert nytta mykje kontantar eller som er nær ein konkurs er også spesielt utsett for denne kvitvaskingsaktøren. At ei stor gjeld vert usannsynleg raskt nedbetalt kan vere eit teikn på at entreprenøren har utnytta si stilling i verksemda (Høgberg & Stridbeck, 2008, s. 50-51). Ei av formene for fiktiv dokumentasjon som entreprenøren kan bruke er fiktive faktura. Når fiktive faktura vert nytta skjer det ofte ved at eit selskap får i oppdrag å utføre ein jobb. Selskapet latar deretter som at jobben skal gjerast av ein underleverandør. Underleverandøren er då eit tomt selskap som sender fiktive faktura til selskapet som har fått oppdraget. Selskapet betalar dei fiktive fakturaene som underleverandøren har sendt og underleverandøren tek ut pengane kontant og leverer dei tilbake til selskapet. Selskapet kan då mellom anna bruke kontantane til å betale ut svart løn til dei som faktisk har utført arbeidet (Bamle & Bruu, 2019, s. 195).

Hawalesaren formidlar pengar mellom mottakarar i ulike land utan at det faktisk treng skje ein transaksjon mellom landa. Hawala eignar seg godt for kriminelle som vil skjule opphavet til det urettmessige utbyttet dei har skaffa seg. Systemet er basert på tillit og går ut på at Hawalesaren i til dømes Noreg mottek ein gitt sum pengar frå Per, som ønsker å overføre desse pengane til Pål i eit anna land. Hawalesaren i Noreg kontaktar sin samarbeidspartnar i det andre landet og ber han betale ut tilsvarande pengesum til Pål. Dersom Pål her er kriminell har han etter mottak av pengane lukkast med å skjule opphavet til pengane, og kan lettare nytte desse fritt i den legale økonomien (Gottschalk, 2012, s.254-255 ; Høgberg & Stridbeck, 2008, s. 51).

Den siste aktøren er proffen. Dette er ein profesjonell aktør som bruker kompetansen sin til å rådgje og støtte den kriminelle i kvitvaskinga. Det kan vere ein advokat som gjev juridiske råd

og finn smotthol i lovverket, eller ein rekneskapsfører som hjelper den kriminelle med å opprette tomme selskap og kompliserte selskapsstrukturar. Ein kjend modus som proffen nyttar er å bidra med kunnskap om korleis den kriminelle kan opprette konto i skatteparadis (Gottschalk, 2012, s.254-255 ; Høgberg & Stridbeck, 2008, s. 53-54).

3 Metode

I dette kapitlet tek vi føre oss kva metode som er nytta i oppgåva. Det vert gitt ein presentasjon av kva metode som er valt og kvifor, i tillegg til forskingsdesign, utval, datainnsamling og svakheiter ved metodevalet. Avslutningsvis vil vi ta føre oss kvaliteten på undersøkinga.

3.1 Val av metode

Metode er den strategien ein nyttar ved innhenting av informasjon/empiri (Jacobsen, 2015, s. 15) Vi har to hovudformer for metode og datainnhenting: kvalitativ og kvantitativ metode. Kvalitativ metode vert ofte omtala som ein metode som baserer seg på ord og forklaring, medan ein kvantitativ metode blir omtala som ein metode som baserer seg på tal og statistikk (Jacobsen, 2015, s. 24). Metodeval bør gjerast ut frå kva som vil gi det beste svaret på problemstillinga ein har valt (Jacobsen, 2015, s. 64).

Vi nytta eit deskriptivt design i vår forskning. Føremålet med deskriptivt design er å skildre ein gitt situasjon (Gripsrud, Olsson & Silkoset, 2016, s. 50). Bakgrunnen for val av deskriptivt design var at vi ønska å skildre kven den norske kvitvaskaren er og kva modus for kvitvasking som vert nytta i norsk næringsliv.

Problemstillinga vår og tilhøyrande forskingsdesign kan tilseie at ei kvantitativ undersøking hadde vore det beste å nytte, ved å til dømes sende ut spørjeskjema til mange kvitvaskarar. Sidan dette ville vore vanskeleg å gjennomføre, fann vi det best å nytte ei kvalitativ dokumentundersøking og gjere innhaldsanalyse av rettsavgjerder. Vi nytta oss då av sekundærdata, data som i utgangspunktet er meint for eit anna føremål (Jacobsen, 2015, s. 171). Vår hovudkjelde av sekundærdata var frå Lovdata Pro. Vi har sett på rettsavgjerder i Høgsterett, lagmannsretten og tingretten. Ved å nytte oss av dette datagrunnlaget har vi gjort utval frå populasjonen vi ville undersøke; dei som i norsk rett er dømt for kvitvasking i næring etter 2010. Vi gjekk inn i rettsavgjerdene, identifiserte relevante variablar, kategoriserte dei og talde hyppigheita av dei ulike kategoriane. Innhaldsanalysen resulterte i statistikk som vi tolka for å finne svar på *kven som står bak kvitvasking i norsk næringsliv og kva modusar dei nyttar*. Sidan vi ser på kor ofte kvar kategori er nemnd i rettsavgjerdene har innhaldsanalysen kvantitative trekk, noko som er vanleg for denne typen kvalitativ analyse (Krumsvik, 2014, s. 145-146).

3.2 Utval

Utvalet i undersøkinga er gjort med den hensikt å få mest mogleg riktige svar på problemstillinga. Utvalsprosessen byrja med eit søk på “hvitvask” i Lovdata Pro, som gav 396 treff på rettsavgjerder frå Høgsterett, lagmannsrett og tingrett. Sidan undersøkinga gjekk ut på kvitvasking i næring gjekk vi gjennom rettsavgjerdene frå fyrste søket og brukte søkeorda: ENK, AS, aksjeselskap, ASA og næring. Vi valde å søke på desse selskapsformene då det er dei som er mest vanlege i Noreg. Desse søka gav 162 treff. Neste kriterium for søket i rettsavgjerdene var at dei domfelte skulle vere dømt etter lovparagrafane som gjeld kvitvasking. Dette innebar straffeloven (2005) §§332-341, og straffeloven (1902) §§317-318. Av dette fekk vi 104 treff. Sjølv om rettsavgjerdene inneheldt ordet næring eller namn på selskapsformer, var det ikkje opplagt at kvitvaskinga var gjort i næring. Derfor valde vi å gå inn i kvar enkelt rettsavgjerd for å undersøke om kvitvaskinga var utført i tilknytning til ei eller anna form for næringsverksemd, og enda opp med 56 treff. Sidan vi i oppgåva ser på rettsavgjerder etter 2010, filtrerte vi ut avgjerder som blei stilt for retten før dette, og enda med 42 avgjerder. Dette blei utgangspunktet for utvalet vårt. Då vi gjekk inn i kvar enkelt avgjerd for å samle data til innhaldsanalysen, oppdaga vi nokre avgjerder som ikkje passa problemstillinga vår, då dei likevel ikkje var gjort i næring. Nokre avgjerder dukka opp både i tingretten og lagmannsretten. Vi valde å bruke rettsavgjerda frå lagmannsretten ved slike tilfelle då det var den endelege dommen. Dersom det var manglande informasjon i avgjerda frå lagmannsretten henta vi òg informasjon frå tingretten der dette var tilgjengeleg. Rettsavgjerdene frå Høgsterett blei filtrert ut i utvalsprosessen, dei nådde ikkje kriteria for utvalet vårt. Til slutt enda vi opp med 27 rettsavgjerder frå lagmannsrettar og tingrettar med totalt 36 domfelte.

Avgrensing av lovparagrafar til utvalet vart gjort med utgangspunkt i definisjonen av kvitvasking etter kvitvaskingslova (2018) §2(1) a, som viste oss til straffeloven (2005) §§332-337. I tillegg valde vi å ta med §§338-341 frå straffeloven (2005) sidan desse gjeld ulike alvorsgrader av kvitvasking. Frå tidlegare straffelov (1902) nytta vi §§317-318. Straffeloven (2005) vart sett i kraft 1.oktober 2015. Dette fører til at utvalet vårt for det meste består av lovparagrafar frå straffeloven (1902) då dei fleste kvitvaskingshandlingane vart utført i forkant av 1. oktober 2015.

Rettsavgjerder som vart filtrert vekk fordi dei ikkje var gjort i næring omhandla i hovudsak kjøp og sal av narkotika, bankbedrageri/lånebedrageri, private bankkonto i Noreg eller utland, eller var tilknytt kriminelle grupper.

3.3 Ethiske omsyn

I undersøkinga vart det samla inn ei rekke personopplysingar om dei domfelte. Studien er derfor vurdert av Norsk Senter For Forskningsdata (NSD) og personopplysingar er lagra i tråd med retningslinjer for personvern. Av omsyn til dette vil det ikkje ligge ved referanse til kvar einskild rettsavgjerd frå Lovdata Pro i kjeldelista. Som tiltak for å anonymisere dei domfelte er kjenneteikn og modus for kvitvasking presentert i overordna statistikk utan nærare gjennomgang av kvart enkelt tilfelle.

3.4 Svakheiter ved metodevalet

Ved dokumentundersøking føretrekk ein ofte primærkjelder då det gjev informasjon direkte frå personen som deltok i handlinga (Jacobsen, 2015, s.189). Av omsyn til ressursar og fordi det vil vere vanskeleg å få direkte kontakt med personar som har gjennomført kvitvasking, har vi nytta oss av sekundærkjelder i form av rettsavgjerder frå Lovdata Pro. Dette betyr at data vi har innhenta kan vere påverka av tolking. Dette er fordi sekundærkjelder er laga for eit anna føremål, og allereie frå starten har eit avgrensa utgangspunkt. Alt som skjer vert gjerne ikkje registrert, samt at ein gjerne gjer utval ut frå kva kjelder ein sjølv meiner gjev best svar på problemstillinga (Jacobsen, 2015, s.188). Sidan vi berre har tilgjengeleg informasjon frå rettsavgjerder, får vi berre eit avgrensa bilete av kvitvaskarane og deira modusar ut frå kven som er dømt for kvitvasking. Ikkje all kvitvasking vert oppdaga, og det kan derfor mangle kjenneteikn og modusar. Det vi finn er då kjenneteikn på kven som vert dømt for kvitvasking, men vi meiner likevel at rettsavgjerder er den kjelda som gjev oss best mogleg datagrunnlag.

Ved bruk av sekundærdata er det viktig å vurdere i kva grad ein kan stole på kjeldene ein nyttar (Jacobsen, 2015, s.171). For å vurdere dette ser ein på kunnskap og kompetanse forfattaren har, samt på truverdet til organisasjonen bak. Rettsavgjerder frå norske domstolar vurderer vi som ei sikker kjelde som gjev informasjon vi kan stole på, då domstolane er eit statlege organ. Det kan likevel førekome feil eller manglar i informasjonen i rettsavgjerdene.

Når ein samlar inn data frå ulike tidsperiodar, kan det vere ulike kriterie for korleis informasjonen vart registrert og kva som vart vektlagt (Jacobsen, 2015, s.172). Det vert stadig

vekk gjort endringar i norsk lov. Det kan vere lover som vert fjerna, endringar i lova eller nye lover. Dette vil kunne påverke på kva måte det vert resonnert i dei ulike rettsavgjerdene, og vi ser at enkelte moment er lagt meir vekt på i enkelte avgjerder enn i andre. Likevel inneheld rettsavgjerdene hovudsakeleg dei same momenta slik at det er mogleg å hente ut lik informasjon frå kvar enkelt av dei.

3.5 Kvaliteten på undersøkinga

Kvaliteten på ei kvalitativ studie kan sjåast i samband med validiteten og reliabiliteten (Skilbrei, 2019, s.87).

3.5.1 Validitet

Validiteten går ut på at materialet ein har nytta faktisk gjev svar på problemstillinga. Den eksterne validiteten går på om kunnskapen ein får frå studiet er overførbar til andre samanhengar, altså om den er generaliserbar (Skilbrei, 2019, s. 87-88). Vi har ei kvalitativ studie som består at eit relativt lite utval med 36 domfelte, noko som fører til at generalisering ikkje er hensiktsmessig. Det er ikkje alltid eit poeng å generalisere. Nokre gonger ønsker ein berre ei betre forståing av tema som vert undersøkt. Dette er også vår hensikt; å gi dei rapporteringspliktige betre forståing av kven kvitvaskaren er. Ved val av eit deskriptivt forskingsdesign var nettopp dette målet vårt, framfor å kunne generalisere for heile populasjonen av domfelte.

Den interne validiteten handlar om i kva grad konklusjonen ein har funne reflekterer data ein har nytta (Skilbrei, 2019, s. 88). Datagrunnlaget vårt baserer seg på rettsavgjerder frå tingrett, lagmannsrett og Høgsterett. Av dei kjeldene vi har tilgjengeleg er dette dei vi meiner vil gje oss den beste skildringa av røynda innan tema kvitvasking. Ut frå vår subjektive vurdering har vi valt avgjerdene vi meiner er relevant for problemstillinga. Det vil seie at studien baserer seg på dei relevante rettsavgjerdene, og får målt det vi ønsker å måle. Ei subjektiv vurdering vil kunne svekke gyldigheita. Det kan førekome tolkingsfeil som til dømes at ein overser relevante detaljar om den domfelte eller tolkar informasjon om kvitvaskingshandlinga feil. Som tiltak for å auke den interne validiteten såg vi etter bestemte variablar i kvar enkelt rettsavgjerd. Dette var for å halde oversikt over kva opplysingar som skulle hentast inn, og minska tolkingsfeil ved at vi begge gjekk gjennom rettsavgjerdene. I si heilheit meiner vi at studien har god indre validitet.

3.5.2 Reliabilitet

Reliabilitet omhandlar måten ein har produsert materialet på. Lesaren skal kunne stole på resultatata (Skilbrei, 2019, s. 87-88). Om studien har høg reliabilitet, er innsamla data lite påverka av tilfeldige feil. Eit moment som kan påverke svara i denne studien er korleis rettsavgjerdene har blitt valt ut. Den skjønsmessige vurderinga som er nytta kan ha opna opp for tilfeldige feil i utvalsprosessen. Rettsavgjerder kan ha blitt utelukka sjølv om den kriminelle handlinga er gjort i næring. Dersom andre hadde gjennomført same studie kunne det oppstått ulikt utval til dømes om dei har ei anna oppfatning av kva som er “i næring”. For å minimere denne usikkerheita har vi begge lest gjennom alle rettsavgjerdene og gjort utvalsprosessen i fellesskap. Om vi hadde gjort eit sannsynsutval kunne vi ha berekna størrelsen på tilfeldige feil i utvalet, men sidan vi har nytta oss av eit skjønsmessig utval er ikkje dette mogleg. Eit tilfeldig utval ville ikkje vore hensiktsmessig i denne undersøkinga. Sjølv om studien er utsett for tilfeldige feil er funn og konklusjon i samsvar med relevant teori og forskning, og dette styrkar reliabiliteten i oppgåva.

4 Empiri

4.1 Analysemetode

Analysen inneheld ein presentasjon av våre funn og nødvendig drøfting rundt problemstillinga. Vi vil avslutte med ein mogleg konklusjon på problemstillinga:

“Kven står bak kvitvasking i norsk næringsliv og kva modusar nyttar dei?”

Ei analyse er ein prosess som tek utgangspunkt i gitte spørsmål og ein leiter etter svar på spørsmåla. Vi har nytta univariat analyse på dei enkelte variablane, og bivariat analyse for å finne koplingar mellom dei ulike variablane. Analysen baserer seg hovudsakleg på teljing, på kor mange gonger dei ulike vurderingsfaktorane inntreff. Som analyseverktøy er SPSS nytta.

4.2 Vurderingsfaktorar

I analysen av rettsavgjerdene var det viktig å sjå etter dei same variablane for å kunne identifisere kjenneteikn ved kvitvaskaren. Nokre variablar vi undersøkte har vi ikkje teke med vidare i kategorisering og analyse. Forklaring på kva variablar dette gjeld og kvifor er forklart i tabellen under.

Datainnhenting frå rettsavgjerder	
Variabel	Vurdering av variabel
Kjønn	
Alder dømt	
Alder for gjennomføring av fyrste kvitvaskingshandling	
Tid frå fyrste kvitvaskingshandling til straff	Ikkje kategorisert, men nytta i analyse av alder
Stilling	
Selskapsform	Presentert i våre funn, men ikkje drøfta nærare
Stad	
Etnisk opphav	Ikkje tilstrekkeleg mengde data til vidare analyse
Tidlegare dømt	Ikkje tilstrekkeleg mengde data til vidare analyse
Landegrensar for kvitvaskinga	Ikkje kategorisert, men nytta i analyse av stad
Omfang	Presentert i funn og nytta i bivariat analyse mot kjønn
Næringsform	
Kvitvaskingsmodus	

Kor mange som har kvitvaska saman	Ikkje kategorisert, men nytta i analyse av kvitvaskingsmodus
Handlingsrom	Ikkje nytta i vidare analyse då vi ikkje fann dette relevant for problemstillinga
Utdanning/yrke	Ikkje tilstrekkeleg mengde data til vidare analyse

Tabell 1: Datainnhenting frå rettsavgjerder

4.3 Kategorisering

Med utgangspunkt i vurderingsfaktorane sat vi att med mykje spesifikk data frå kvar enkelt rettsavgjerd. Vi fann det ikkje hensiktsmessig å bruke data slik og gjorde derfor om observasjonane til analytiske kategoriske data. Vi tok utgangspunkt i dei ulike variablane vi ville undersøke og kategoriserte dei slik vi fann det hensiktsmessig ut frå funna våre.

Variabel	Kategorisering	Forklaring
Kjønn	Menn Kvinner	Sidan dette er ein kategori med berre to variablar har vi valt å ikkje kategorisere denne vidare.
Alder	18-25år 26-35år 36-45år 46-55år 55år +	Alder er ein variabel som er nærare kontinuerleg. Derfor såg vi det som naudsynt å kategorisere denne. Vi valde å følge KPMG (2016) si kategorisering for alder då det gjorde det enklare å diskutere funna våre.
Stad	Fylkesinndeling etter 2018	For å kunne gi eit bilete av kvar i landet kvitvasking går føre seg, kategoriserte vi rettsavgjerdene ut frå kva fylke tingretten var plassert i. I referata til lagmannsrettane var det opplyst kva tingrett dei domfelte hadde vore innom. Vi valde å nytte fylkesinndeling frå 2018 sidan dette gjev ei meir spesifikk plassering og er i samsvar med statistikk frå SSB (2019).
Stillingsnivå	- Dagleg leiar, styreleiar og eigar - Anna tilsett - Ukjent	For stillingsnivå hadde vi opphavleg sju variablar. Vi valde likevel å kategorisere dei slik at dagleg leiar, styreleiar og eigar blei ein variabel, og resterande tilsette blei ein variabel. Årsaka var at desse kategoriane ville vise kvar i hierarkiet til selskapet dei domfelte var plassert.
Selskapsform	ASA AS ENK DA NUF Lag/foreining	Dei ulike selskapsformene valde vi å ikkje kategorisere vidare.

	Ukjent	
Omfang	Under 5 5 – 10 10 – 20 20 – 30 30 – 40 40 – 50 50 – 60 Over 60	Med omfang meiner vi det totale kvitvaskingsbeløpet for den aktuelle rettsavgjerda. Kategoriseringa viser beløp i millionar kroner. Beløp frå andre ulovlege handlingar enn kvitvasking er ikkje medrekna.
Næringsform	(1) Bygg og anlegg (2) Telefonteneste (3) Varehandel (4) Eigedom (5) Konsulent (6) Maritim (7) Anna	I rettsavgjerdene vart det nemnt ei rekke ulike næringar. For å kunne nytte desse i analyse fann vi det nødvendig å kategorisere desse i overordna kategoriar. (1) omfattar bygg og anlegg, måling, flislegging og reinhald. Reinhald er med i denne kategorien då det i våre funn ofte er utført i samanheng med andre næringsformer innan bygg og anlegg. (2) inneheld spåteneste, telefonsal og annonsesal. Desse tenestene er alle gjort over telefon. (3) består av antikk-varehandel og spedisjon, import- og grossisthandel, daglegvarehandel og handel med klimakvotar. (4) omfattar eigedomsselskap og eigedomsutvikling. (6) omfattar reiarlag, shipping og maritim bransje. (7) består av næringar som er representert ein gong kvar i funna våre. Dette omhandlar mineralindustri, transport, ideell organisasjon, advokat, rekneskap og selskap utan reel drift.
Modus	(1) Fiktiv fakturering (2) Bankkonto til disposisjon/bankoverføringar (3) Fiktiv/manglande rekneskapsdokumentasjon (4) Kontantuttak (5) Investering i eigedom (6) Reinvesteringar (7) Kjøp og sal av klimakvotar	Då vi kategoriserte modusane var det viktig at kategoriane spegla kva som faktisk vart gjort av kvitvaskarane. (1) Hensiktsmessig å ha som eigen kategori då denne var særskilt mykje nytta. (2) Fleire hadde enten stilt bedriftskontoar til disposisjon for kvitvaskingspengar eller overført beløp mellom ulike kontoar. (3) Inneheld både uriktige timelister/lønsoppgåver og anna manglande rekneskapsdokumentasjon (6) Er investeringar i anna enn eigedom

Tabell 2: Kategorisering av data til analyse


5 Presentasjon av funn

Følgjande vil vi presentere funna våre i tråd med problemstillinga sine to deler; kjenneteikn ved kvitvaskaren og kvitvaskingsmodusar, samt ut frå kategoriseringa vi gjorde. Vi tek først føre oss funna ved den univariate analysa, deretter funn ved bivariat analyse.

5.1 Kjenneteikn ved kvitvaskaren

Kjønn

Av utvalet med dei 36 domfelte var 34 menn, og to kvinner. Det var ingen av kvinnene som kvitvaska åleine. Begge handla med enten ein eller to andre menn.



Figur 1: Kjenneteikn - kjønn


Alder

Vi har sett på alderen til dei domfelte då dei utførte fyrste kvitvaskingshandling og alderen til dei domfelte då dei blei dømt.

Om vi tek utgangspunkt i alderen til dei domfelte då kvitvaskinga blei gjennomført for fyrste gong fann vi at lågaste alder var 25 år, og høgaste alder var 58 år. Snittalderen var 42,2 år, og medianen var 43,5 år. Det vil sei at det er ei relativt jamn spreiding på begge sider av gjennomsnittet. 5,6% var i aldersgruppa 18-25år, 30,6% var 26-35år, 13,9% var 36-45år, 44,5% var 46-55år og 5,6% over 55 år.

Tek vi utgangspunkt i alderen då dei domfelte vart dømt, fann vi at lågaste alder var 32 år og høgaste alder var 69 år. Snittalderen var 48,7 år, og medianen var 49 år. 0% var i aldersgruppa

18-25 år, 13,9% var 26-35 år, 33,3% var 36-45 år, 19,5% var 46-55 år og 33,3% var over 55 år.



Figur 2: Kjenneteikn - alder

Vi studerte òg kor lang tid det tok frå kvitvaskinga for fyrste gong skjedde til den domfelte blei dømt for det. Den minste tida det tok var tre år, medan den lengste tida det tok var tolv år. Gjennomsnittstida var 6,5 år. Vi ser at toppen for “alder gjennomført” på 26-35 år, vert dømt i toppen for “alder dømt” på 36-45 år. På same måte ser vi at toppen for “alder gjennomført” på 46-55 år, blir dømt når dei er over 55 år.


Stad

Av totalt 36 domfelte er 21 personar domfelt i Oslo. Vidare er fire personar dømt i Rogaland, tre personar i Trøndelag og to personar i Buskerud. I Troms, Finnmark, Hordaland, Hedmark, Akershus og Aust-Agder er det ein domfelt per fylke, medan det i dei resterande fylka ikkje er nokon domfelte for kvitvasking i næring i perioden 2010-2018.

Pengane kvitvaska i Noreg har i nokre avgjerder også vore innoom andre land. I funna viste det seg at England, Nederland, Sverige, Storbritannia, Finland, Polen, Sveits og USA er land som har blitt nytta i kvitvaskingsprosessen. Funna viser ingen samanheng mellom kva land som er nytta og kvar i Noreg kvitvaskinga er gjennomført.

Stillingsnivå


Av dei 36 domfelte hadde 32 høgare stilling i selskapet. To var anna tilsett og for dei resterande to var det ukjent kva stilling dei hadde.



Figur 3: Kjenneteikn - stillingsnivå

Selskapsform


Då vi såg på dei ulike selskapsformene involvert i rettsavgjerdene, var det i nokre avgjerder involvert fleire typar selskap, medan i andre avgjerder var det kun ein selskapsform involvert i lovbrottet. Dette medfører at nokre rettsavgjerder har gitt utslag på fleire selskapsformer i teljinga. Figuren viser kor mange gonger dei ulike selskapsformene er nemnt i funna våre. Det kjem tydeleg fram at aksjeselskap og enkeltpersonføretak er dei mest nytta selskapsformene. Dette kan ha samanheng med at desse selskapsformene er av dei mest vanlege i Noreg (Folio, 2020), og vi finn det derfor ikkje hensiktsmessig å diskutere denne variabelen vidare.



Figur 4: Kjenneteikn - selskapsform

Omfang


Med omfang meiner vi kor mykje pengar som vart kvitvaska i dei ulike rettsavgjerdene. Det minste beløpet var kr 387 500, medan det største var kr 556 357 168. Gjennomsnittleg beløp for menn, og totalt var kr 31 300 426, medan for kvinner var gjennomsnittet kr 6 224 315. Totalt var medianen kr 6 500 000. Årsaka til at det er så stor forskjell mellom gjennomsnitt og median ligg i at det største beløpet er mykje større enn dei resterande, noko som gir ei kraftig auke i gjennomsnittet. Medianen kan derfor vere eit godt mål for midtverdien i datasettet. Dette kan vi underbygge med å vise til Figur 5 der vi har kategorisert omfanget av kvitvaska i millionar kroner. Vi ser at dei fleste har kvitvaska for beløp under ti millionar. Omfang er ikkje drøfta vidare, men vert nytta i bivariat analyse.



Figur 5: Kjenneteikn - omfang

Næringsform


Figur 6 viser kor mange gonger dei ulike næringsformene kom fram i undersøkinga. Kvitvasking i bygg- og anleggsbransjen utgjorde 30% av bransjane totalt. Grunnen til at anna-kategorien er så stor er fordi den inneheld ulike næringar som berre var involvert i ei rettsavgjerd kvar.



Figur 6: Kjenneteikn - næringsform

5.2 Kvitvaskingsmodusar

I analysen av kvitvaskingsmodusar kjem det fram at fleire av dei 36 domfelte nytta meir enn ein modus for kvitvasking. På grunn av dette vil det ikkje vere samsvar mellom tal domfelte og tal gonger dei ulike modusane er nytta totalt.



Figur 7: Kvitvaskingsmodusar

Ved bruk av dei ulike modusane er det ikkje alltid at kvitvaskaren handla åleine. Frå rettsavgjerdene kom det fram at 78% utførte kvitvaskinga åleine, altså at dei gjorde sjølvvask. Dette utgjorde 21 domfelte. I fire avgjerder opererte dei i par, i ei avgjerd med tre og ei med fire personar.

5.3 Funn ved bivariat analyse

Vi ønska å gjennomføre ei bivariat analyse mellom variablane for å finne samanhengar mellom desse. Vi testa ei rekke ulike forhold, men hadde ikkje nok datagrunnlag til å trekke konklusjonar. Til dømes var stillingsnivåa til kvinnene ukjende og vi kunne derfor ikkje seie noko om samanhengar mellom kjønn og stillingsnivå. Likevel ville vi seie noko om samanhengen mellom omfang og kjønn, der vi ser at kvinnene berre har kvitvaska for under ti millionar. Dette var også mest vanleg for menn, men dei står òg for kvitvasking av dei største beløpa.

Omfang og kjønn

		Kjønn		Total
		Kvinne	Mann	
Omfang i millionar NOK	Under 5	1	14	15
	5 - 10	1	7	8
	10 - 20	0	3	3
	30 - 40	0	3	3
	40 - 50	0	2	2
	50 - 60	0	1	1
	Over 60	0	4	4
Total		2	34	36

Tabell 3: Bivariat analyse omfang og kjønn

6 Diskusjon

Her vert dei ulike variablane presentert opp mot teori og forskning på området. Vi føl same struktur som tidlegare, der vi først drøfter kjenneteikn ved kvitvaskaren, og vidare kvitvaskingsmodusar.

6.1 Kjenneteikn ved kvitvaskaren

6.1.1 Kjønn

I undersøkinga fann vi ut at tal kvinner dømt for kvitvasking var mindre enn 1 av 10, same konklusjonen kom Gottschalk (2012) fram til i si undersøking av dømte kvitvaskingsforbrytarar. Vidare i KPMG (2016) si undersøking var del kvinner som utførte økonomisk kriminalitet 17% i 2015. Vi har funne at tal kvinner er 6%. Ei mogleg årsak til at tal kvinner i vår undersøking er lågare enn i KPMG si, kan vere at vi har ei mindre undersøking, at vi berre ser på kvitvasking innan økonomisk kriminalitet, eller at vi berre ser på norske forbrytarar. Det kan likevel tyde på at det er færre kvinner som blir dømte for kvitvasking enn for økonomisk kriminalitet generelt, då både vi og Gottschalk fann relativt lik og lågare del dømte kvinner enn det KPMG gjorde.

Av kapittel 2.6.2 om kvinner og kvitvasking vart det nemnt teori som kan forklare den låge andelen kvinner i funna. Testosteron og eit miljø som lærer menn at vald og pengar er maskulint kan vere ei årsak til at fleire menn gjer kvitvasking enn kvinner, i tillegg til at kvinner gjerne er meir redd for konsekvensar, eller har mindre moglegheiter til å kvitvaske.

6.1.2 Alder

I undersøkinga til KPMG (2016) fann dei at 68% av svindlarane er mellom 36 og 55 år. Vi fann at om lag 53% er i denne aldersgruppa om vi tek utgangspunkt i då dei domfelte blei dømt, og at om lag 58% er i denne aldersgruppa om vi tek utgangspunkt i alderen då den fyrste kvitvaskingshandlinga vart utført. Vi har altså noko lågare tal enn i KPMG si undersøking, men i vår undersøking er det også denne aldersgruppa som er størst.


Om vi ser på dei andre aldersgruppene kvar for seg, og ser på alderen til kvitvaskarane då dei blei dømt, finn vi også liknande tendensar, sjølv om dei ikkje er heilt samsvarande. Etter våre funn er det ingen i aldersgruppa 18-25 år, samanlikna med 1% i same aldersgruppe ifølgje

KMPG (2016). I aldersgruppe 26-35 år fekk vi 13,9% samanlikna med 14% i KMPG (2016) si undersøking. I desse to aldersgruppene er funna svært like.


I aldersgruppa over 55 år fann vi 33,3% av kvitvaskarane, medan KPMG (2016) fann berre 8%. Om vi ser på aldersdelinga totalt viser funna våre at kvitvaskarane totalt sett er eldre enn svindlarane frå KPMG si undersøking. Skeivfordelinga gjeld ikkje for dei kriminelle under 36 år.

6.1.3 Stad

Figur 9 viser våre funn etter kvar det utførast kvitvasking i norsk næringsliv. Figur 8 er utarbeidd med utgangspunkt i SSB sine tal om dømte for anna vinningslovbrot i Noreg, både i og utanfor norsk næringsliv (Statistisk sentralbyrå, 2019). Sjølv om “anna vinningslovbrot” er eit vidare omgrep enn “kvitvasking”, og sjølv om SSB har eit mykje større grunnlag med 146 515 straffa som utgangspunkt mot våre 36, kan vi sjå like tendensar.



Figur 8: Personar straffa for kvitvasking, etter stad, år 2010-2018, frå funna



Figur 9: Personar straffa for anna vinningslovbrot, etter bustad, år 2010-2018, frå SSB (2019)

Vi ser at Oslo er fylket der det vert gjort mest økonomisk kriminalitet i begge tilfella, vidare at det i Rogaland er nest mest. Etter dette er ikkje funna våre tilsvarande med SSB (2019) sin statistikk, men Trøndelag utmerkar seg i begge figurane. På landsbasis er det i følgje SSB Sogn og Fjordane som er fylket med minst vinningskriminalitet. I våre funn er dette eitt av fylka der vi ikkje har nokon kvitvaskingstilfelle. I fylka som har utmerka seg mest, finn vi og dei største byane i Noreg. Både Oslo, Rogaland og Trøndelag er fylker der nokre av dei største byane i Noreg ligg. Det er likevel ikkje ein klar samanheng sidan vi ikkje har fleire funn frå Hordaland. Utsette næringar som petroleumsnæringa kan forklare kvifor Rogaland på

landsbasis har mange tilfelle av kvitvasking. Dette samsvar derimot ikkje med våre funn der vi ikkje har nokon tilfelle innan petroleumsnæringa. Det er viktig å påpeike at vi har lite data, og at det kan påverke svara.

Ut frå funna er det ingen samanheng mellom kvar kvitvaskinga har vore utført og kva land som har vore innblanda i kvitvaskingsprosessen. Likevel har vi sett at det kriminelle utbyttet i fleire tilfelle er innom andre land enn Noreg. Internasjonale konvensjonar og anbefalingar for korleis ein kan kjempe mot kvitvasking på tvers av landegrensar er derfor svært sentralt.

6.1.4 Stillingsnivå

Ifølgje KPMG (2016) si undersøking var 65% av dei som driv med økonomisk kriminalitet tilsett i verksemd. 35% av dei var tilsett på toppleiingsnivå. Denne undersøkinga såg på kjenneteikn hjå svindlarar generelt, og har ikkje teke omsyn til at dei kriminelle handlingane skal vere utført i næring slik som vi har. Ut frå våre funn er 94% av dei domfelte tilsett i verksemd, medan dei resterande 6% er ukjente. 89% av desse er tilsett på toppleiingsnivå. Våre funn samsvarar ikkje med funna til KPMG. Ei årsak til dette kan vere at vi ser på kvitvasking i norsk næringsliv, og ikkje på økonomisk kriminalitet generelt. Det vil derfor vere naturleg at våre funn tilseier at fleire er tilsett i verksemd og at mange av dei er tilsett på toppleiingsnivå. Ei årsak til at personar med høgre stillingstittel er godt representert blant kvitvaskarane kan vere at ein, som nemnd i kapittel 2.6.1, i desse stillingane føler på eit stort økonomisk press både privat og i jobbsamanheng. Resultatmål i verksemda og sosiale forventingar kring levesett kan føre til at behovet for økonomisk vinning er større blant toppleiinga enn andre tilsette i verksemdene.

6.1.5 Næring

Ifølgje Justis- og beredskapsdepartementet (2014) er bygg- og anleggsbransjen den mest innrapporterte bransjen med 70% av alle MT-rapportar i 2010. I funna våre er bygg- og anleggsbransjen den mest representerte med 30%. Dette kan tyde på at bransjen er spesielt utsett for kvitvasking, eller at det er ein bransje det er knytt mykje mistanke om kvitvasking mot.

I kapittel 2.7.1 ser vi at restaurantbransjen og varehandel, handel med dyre gjenstandar, petroleumsnæringa, eigedomsmarknaden, tenesteytande næring og vekslingsstenester for

virtuelle valuta er utsette bransjar for kvitvasking. Vi har tilsvarende også funn av kvitvasking i antikkvarehandel, varehandel, eigedomsmarknaden og tenesteytande næring. Vi har ingen rettsavgjerder frå restaurantbransjen, petroleumsnæringa eller vekslingsteneste for virtuelle valuta. Ei årsak til at vi ikkje har funn frå alle bransjane i risikovurderinga, kan vere at det ikkje er samanheng mellom kva bransjar som er særleg utsett, og i kva bransje ein blir tatt for kvitvasking. Vekslingstenester for virtuelle valuta vart i følgje Finanstilsynet (2018) ikkje rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova før i 2018. Dette kan vere ei forklaring på kvifor denne bransjen ikkje er representert i funna, då ein ser at det i snitt tek 6,5 år frå fyrste handling vert utført til det kjem ein dom.

6.2 Kvitvaskingsmodus

I kapittel 2.7.2 er det presentert ulike kvitvaskingsmodus saman med ulike kvitvaskingsaktørar. Vi vil her sjå våre funn av modus opp mot dei ulike aktørane for å undersøke om type aktør heng saman med kva modus som vert nytta.

Av funna våre ser vi at fiktiv fakturering er brukt i tolv tilfelle. Denne modusen vert gjerne nytta av entreprenøren, kvitvaskingsaktøren som i følgje Høgberg & Stridbeck (2008) driv lovleg verksemd, noko som viser seg å stemme med funna våre. I ni av tolv tilfelle er den fiktive faktureringa gjennomført av personen som driv selskapet. Dette gjeld anten i stilling som dagleg leiar eller eigar. Handlinga vart utført av styreleiar i eitt av tilfella, og i eit anna tilfelle av styremedlem. I eitt tilfelle er stillingstittel ukjent for oss.

Frå Justis- og beredskapsdepartementet (2014) sin *Nasjonale risikovurdering* ser ein at fiktiv fakturering og bruk av kontantar ofte heng tett saman. I vårt tilfelle fann vi at bruk av kontantar berre var nytta i kombinasjon med fiktiv fakturering i tre av totalt tolv tilfelle. Funna tilseier altså at bruk av fiktiv fakturering saman med kontantar kan førekome, men at det nødvendigvis ikkje treng å vere ein samanheng.

Kontantar nyttast av fleire av kvitvaskingsaktørane. Frå kapittel 2.7.2 om kvitvaskingsmodus ser vi at dette kan vere slektningen som tek ut pengar for ein kriminell eller kureren som smuglar kontantar ut av landet. Av dei totalt sju tilfella der det var involvert kontantar fann vi ingen samsvar med dette. Handsaminga av kontantar har i seks av sju tilfelle blitt gjort av eigar/dagleg leiar i ei verksemd, noko som svarer til entreprenøren. Dette kan kome av at vi berre har sett på rettsavgjerder frå

næringslivet. Slektningen og kureren koplast gjerne mot mindre profesjonelle former for kvitvasking som vi har utelukka i utvalsprosessen.

Investering i eigedom har vi berre to tilfelle av, og begge er gjort av eigar eller dagleg leiar. Det er også her entreprenøren som er representert. Investering i eigedom vert i følgje Gottschalk (2012) og Høgberg & Stridbeck (2008) ofte nytta av hushaldningsvaskaren til sjølvvask. Hushaldningsvaskaren vil gjerne ikkje vere representert i vårt utval då han ofte handlar utanfor næring. Tilsvarande kan grunnen til at vi har få tilfelle av denne modusen vere at den oftast vert gjort av hushaldningsvaskaren.

Bankoverføringar og å stille bankkonto til disposisjon er også representert av entreprenøren. I ti av totalt elleve tilfelle har entreprenøren handla som ein smurf. Kvitvaskingsbeløpa er av dagleg leiar eller eigar delt opp i mindre delbeløp og sendt gjennom fleire bankkontoar, i nokre tilfelle også til fleire selskap. I det siste tilfellet er det ein advokat som har nytta klientkonto for å overføre pengar, det er med andre ord eitt tilfelle av bankoverføring som er gjort av ein proff. Vi har òg andre tilfelle der proffen har vore med i kvitvasking. Ein statsautorisert revisor, som førte rekneskap for ulike selskap, bidrog til kvitvasking gjennom å unnlate viktig dokumentasjon frå bilag han utarbeidde. Ein siviløkonom bidrog til kvitvasking ved å utarbeide fiktiv rekneskapsdokumentasjon for fleire selskap. Det er sentralt å nemne at vi har manglande opplysingar om utdanning/yrke for 19 av dei totalt 36 domfelte, det kan derfor hende vi har fleire tilfelle av proffen utan at vi veit det sikkert.

Fiktiv/manglande rekneskapsdokumentasjon er nytta av entreprenøren i seks av sju tilfelle. Det siste tilfellet er gjort av styremedlem. Vi har eitt tilfelle med bruk av reinvesteringar. Som dagleg leiar og eigar har den domfelte her reinvestert det kriminelle utbyttet i varelager til bruk i ei rekke ulike firma. Reinvesteringa er gjort av entreprenøren. Kvitvasking gjennom kjøp og sal av klimakvotar har vi også eitt funn av. Dei domfelte har som dagleg leiar eller eigar stilt firmaattest til disposisjon for å mogleggjere handel med klimakvotar. Også her er kvitvaskinga gjort av entreprenøren.

Entreprenøren er representert i alle kvitvaskingsmodusar vi har vore inno. Dette kan ha samanheng med at vi ser på kvitvasking gjort i næring. Det vil då vere naturleg at mange av dei domfelte har høgare leiande stilling eller er eigar av selskapet. Vi har ingen funn der Hawalesaren er involvert i kvitvasking.

6.3 Samanhengen mellom kjønn og omfang

Av den bivariate analysen mellom kjønn og omfang fann vi at omfanget kvinnene hadde kvitvaska for var i dei lågaste kategoriane. I Gottschalk (2012) fann han at det økonomiske omfanget av den kriminelle handlinga i snitt var kr 48 000 000 lågare hjå kvinner enn hjå menn. Omfanget for menn fann vi til å vere kr 31 300 426 i snitt, medan i avgjerdene der kvinner hadde kvitvaska var gjennomsnittet kr 6 224 315. Det vil sei at kvinnene i gjennomsnitt kvitvaska for kr 25 076 111 mindre enn mennene. Vi kan sjå at mennene har kvitvaska for mykje meir enn det kvinnene har, men avviket frå Gottschalk si undersøking og vår undersøking er framleis stort. Vi ser at det økonomiske omfanget totalt må ha vore mykje større i Gottschalk si undersøking då kvinnene han undersøkte kvitvaska i snitt kr 48 000 000 mindre enn menn, medan vårt gjennomsnitt totalt var kr 31 300 426. Det er og verdt å påpeike at kvinnene i vår undersøking handla saman med ein eller to andre menn, og at gjennomsnittsomfanget i vår undersøking er påverka av ei avgjerd med svært stort omfang. Dette kan også vere tilfelle i Gottschalk si undersøking, men det veit vi ikkje. Det kan uansett sjå ut som at menn kvitvaskar for større beløp enn kvinner gjer.

7 Oppsummering og konklusjon

Føremålet med denne studien har vore å gje dei rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova kjenneteikna på kven som står bak kvitvasking i norsk næringsliv og kva modusar dei nyttar. Dette er for at rapporteringspliktige lettare skal kunne identifisere typiske kvitvaskarar og enklare oppdage mistenksame forhold som skal innrapporterast til Økokrim. For å forsøke å finne svar på dette har vi nytta eit deskriptivt forskingsdesign, og gjennomført innhaldsanalyse av rettsavgjerder frå Lovdata Pro.

Kvitvasking er eit samfunnsproblem då det reduserer skatteinntektene, stimulerer til auka kriminell aktivitet og gjer det vanskelegare å oppdage andre ulovlege handlingar. I tillegg kan kvitvasking bidra til å svekke funksjonen rekneskapen har som informasjonssystem. I ytste konsekvens kan det føre til at viktige avgjerder i eit selskap vert gjort på feil grunnlag.

I denne studien tilseier funna at kvitvaskaren i norsk næringsliv er ein mann i førtiåra med høg stilling, som derfor ofte kan definerast som kvitvaskingsaktøren entreprenøren. På grunn av kvitvaskaren si høge stilling, vert den kriminelle handlinga kalla kvitsnippkriminalitet. Omfanget av kvitvaskinga er rundt kr 6 500 000 og den domfelte mannen er frå Oslo eller andre fylker med store norske byar. Kvitvaskaren er tilsett i aksjeselskap eller enkeltpersonføretak og næringa han oftast nyttar for kvitvasking, er bygg- og anleggsbransjen. Modusar som vert nytta er fiktiv fakturering, bankoverføringar eller å stiller bankkonto til disposisjon for overføring av kriminelt utbytte. Funna kan ikkje generaliserast til å gjelde for heile populasjonen, og datagrunnlaget er for lite for å sjå samanhengar i bivariat analyse. Likevel er dei basert på personar dømde for kvitvasking og deira handlingar, samt at det viser seg at funna har same tendensar som teori og forskning på området. Derfor vil ein truleg finne att kjenneteikna og modusane i framtidige kvitvaskingssituasjonar over heile landet.

7.1 Forslag til vidare forskning

Kjenneteikna som kjem fram av studien viser kven som faktisk vert dømt for kvitvasking i Noreg, og gir oss ein peikepinn på variablar dei rapporteringspliktige bør rette ekstra merksemd mot. I vidare forskning hadde det vore interessant å sjå samanhengar mellom dei ulike variablane ved å gjennomføre ei større bivariat analyse.

I studien har vi ikkje gått i djupna på kvitvasking over landegrensar. Kvitvasking er eit internasjonalt problem, og inn- og utføring av pengar i kvitvaskingsføremål er ei utfordring vi

ikkje har klart å belyse. I vidare forskning hadde det vore interessant å sett på korleis norske aktørar gjennomfører kvitvasking over landegrensar.

I denne oppgåva var fokuset retta mot å finne kjenneteikn ved kvitvaskaren. Ei anna interessant vinkling ville vore å sett det frå rekneskapsførar sitt perspektiv og ut frå dette undersøkt om rekneskapsførarar har vore med å avdekke kvitvasking eller blitt utnytta til slike føremål. Då ville det òg vore interessant å sett på kva faktorar som vekker mistanke, eventuelt korleis rekneskapsførarar vert utnytta til kvitvaskingsføremål.

Bibliografi

- Aleksoski, S. & Aleksoski, O. (2015). Money laundering as a type of organized crime. *Journal of Process Management*. New technologies, 3(3), 44-53.
<http://www.japmnt.com/images/Volume%203/Issue%203/7.%20MONEY%20LAUNDRING%20AS%20A%20TYPE%20OF%20ORGANIZED%20CRIME.pdf>
- Bamle, M. & Bruu, Barbro. (2019). *Økonomisk kriminalitet – Trusler og tiltak*. (1.utg.) Oslo:Gyldendal Akademiske
- Benson, Michael. & Simpson, Sally. (2009). *White-Collar Crime – An Opportunity Perspective*. Routledge. Taylor and Francis Group; New York og London
- European Commission. (u.å.). Anti-money laundering and counter terrorist financing. Henta 13.april frå https://ec.europa.eu/info/business-economy-euro/banking-and-finance/financial-supervision-and-risk-management/anti-money-laundering-and-counter-terrorist-financing_en
- Finans Norge. (2018a, 15. oktober) Hvitvaskingslovens krav om “kundetiltak” og KYC-prinsippet. Henta frå <https://www.finansnorge.no/tema/hvitvasking-og-terrorfinansiering/hvitvaskingslovens-krav/>
- Finans Norge. (2018b, 15. oktober) Ny hvitvaskingslov: større ansvar tildeles finansnæringen. Henta frå <https://www.finansnorge.no/aktuelt/nyheter/2018/10/ny-hvitvaskingslov--storre-ansvar-tildeles-finansnaringen/>
- Finanstilsynet. (2020, 14. april). Hvitvaskingslovens anvendelse for virtuell valuta. Henta frå <https://www.finanstilsynet.no/nyhetsarkiv/nyheter/2018/hvitvaskingslovens-anvendelse-for-virtuell-valuta/>
- Finanstilsynet. (2019). *Veiledning og regnskapsføreres og regnskapsførerselskapers etterlevelse av hvitvaskingsregelverket*. (15/2019). Henta frå <https://www.finanstilsynet.no/contentassets/e462136cc9704d8180e049706ffef538/veiledning-om-regnskapsforeres-og-regnskapsforerselskapers-etterlevelse-av-hvitvaskingsregelverket.pdf>
- Folio. (2020). Starte bedrift? Dette er de vanligste selskapsformene. Henta frå https://folio.no/les/starte-bedrift-dette-er-de-vanligste-selskapsformene?gclid=Cj0KCQjw17n1BRDEARIsAFDHFewTXlqnCcF52Wr66q9X0F7P4cq2vGW7D7k9RW0VbrY9Okisa6Y1bW8aApgnEALw_wcB
- Gottschalk, P. (2012). *Kvinner i økonomisk kriminalitet*. Oslo: Akademika forlag

- Gottschalk, P. (2019). Stage model for female criminals: business school students' perceptions of white-collar offenders. *Journal of Gender Studies*, 28(6), 720-729.
<https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/09589236.2019.1617115>
- Gripsrud, G., Olsson, U. & Silkoset, R. (2016). *Metode og dataanalyse: Beslutningsstøtte forbedrifter ved bruk av JMP, Excel og SPSS*. Oslo: Cappelen Damm akademisk
- Hvitvaskingsloven. (2018). Lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering (LOV-2018-06-01-23). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-01-23>
- Høgberg, A. P. & Stridbeck, U. (Red). (2008). *Hvitvasking*. Oslo: Universitetsforlaget.
- IMDB. (2020). Heksejakt. Henta frå https://www.imdb.com/title/tt10846312/?ref_=tt_urv
- Jacobsen, Dag. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. (3.utg.) Oslo :Cappelen Damm AS
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2014). *Nasjonal risikovurdering - Hvitvasking og terrorfinansiering i Norge*. Henta frå https://www.regjeringen.no/contentassets/ae00417a948e4eb39fcd6d4b50e89447/nasjonal-risikovurdering_hvitvasking-og-terrorfinansiering.pdf
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2016). *Nasjonal risikovurdering - Hvitvasking og terrorfinansiering i Norge*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/23edcd9af7fe49d0a8e9c7f4f069a212/nra-2016-norsk.pdf>
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2018). *Nasjonal risikovurdering - Hvitvasking og terrorfinansiering i Norge 2018*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/58f96ea9756d4457be3095609624d96d/nasjonal-riskikovurdering.pdf>
- KPMG (2016) *Global profiles of the fraudster: Technology enables and weak controls fuel the fraud*. Henta frå <https://assets.kpmg/content/dam/kpmg/pdf/2016/05/profiles-of-the-fraudster.pdf>
- Kristoffersen, T. (2017). *Virksomhetsstyring og regnskapsorganisering* (2.utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Krumsvik, R. J. (2014). *Forskningsdesign og kvalitativ metode - ei innføring*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Money laundering. (2019). *Britannica Online Academic Edition*, Encyclopedia Britannica, Inc. Henta frå <https://academic.eb.com/levels/collegiate/article/money-laundering/603892>

- Olsen, B. A. (2008). Virkemidler for å stoppe kriminelle ledere i næringslivet. *Praktisk økonomi & finans*, 24(02/2008), 53-60.
https://www.idunn.no/file/pdf/33227754/virkemidler_for_a_stoppe_kriminelle_ledere_i_neringslivet.pdf
- Regnskapsførerloven. (1993). Lov om autorisasjon av regnskapsførere (LOV-1993-06-18-109). Henta frå: <https://lovdata.no/lov/1993-06-18-109>
- Regnskap Norge. (2017). God *regnskapsføringsskikk (GRFS)*. Henta frå <https://www.regnskapnorge.no/faget/grfs/grfs/>
- Regnskap Norge. (2018). Regnskapsføreren må tørre å klatre opp i det høyeste treet for å få oversikt. Henta frå <https://www.regnskapnorge.no/faget/artikler/bransjeaktuelt/-regnskapsforeren-ma-torre-a-klatre-opp-i-det-hoyeste-treet-for-a-fa-oversikt/>
- Skilbrei, M. (2019). *Kvalitativ metode. Planlegging, gjennomføring og etisk refleksjon*. (1. Utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Statistisk sentralbyrå. (2015). Standard for lovbruddstyper. Henta frå <https://www.ssb.no/klasse/klassifikasjoner/146>
- Statistisk sentralbyrå. (2019). 10636: *Straffede personer, etter hovedlovbruddsgruppe og bosted. Absolutte tal og per 1000 innbyggere (F) 2010-2018* [Datasett]. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/10636/>
- Straffeloven. (1902). Almindelig borgerlig Straffelov (LOV-1902-05-22-10). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1902-05-22-10>
- Straffeloven. (2005). Lov om straff (LOV-2005-05-20-28). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28?q=straffelov>
- Utenriksdepartementet. (2017). Ofte stilte spørsmål. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/europapolitikk/fakta-115259/ofte-stilte-sporsmal/id613868/#direktiv>
- Økokrim. (2017a, 29.juni). Økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet. Henta frå <https://www.okokrim.no/kriminalitetsomraader.422249.no.html>
- Økokrim. (2017b, 6.juni). Hvitvasking. Henta frå <https://www.okokrim.no/hvitvasking.422268.no.html>
- Økokrim. (2019a, 9.mai). Om Økokrim. Henta frå <https://www.okokrim.no/om-okokrim.422248.no.html>
- Økokrim. (2019b, 18.desember). Når skal det rapporteres?. Henta frå <https://www.okokrim.no/naar-skal-det-rapporteres.6156910-417053.html>

World Economic Forum. (2019). *Global gender gap report 2020*. Henta frå
http://www3.weforum.org/docs/WEF_GGGR_2020.pdf



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgåve rekneskapsfører

BO6-2001 bacheloroppgåve

Predefinert informasjon

Startdato:	05-05-2020 15:00	Termin:	2020 VÅR
Sluttdato:	14-05-2020 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve	Studiepoeng:	15
SIS-kode:	203 BO6-2001 1 BO 2020 VÅR		
Intern sensor:	Mona Kristin Nytnun		

Deltaker

Naun:	Ingeborg Stuberg
Kandidatnr.:	2003
HVL-id:	574128@hvl.no

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	10654	Inneholder besvarelsen konfidensielt materiale?:	Nei
Egenerklæring *:	Ja		
Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:	Ja		

Gruppe

Gruppenaun:	Kristine og Ingeborg
Gruppennummer:	2
Andre medlemmer i gruppen:	Kristine Bruheim

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei